

Ivar Aasen og
Det Kgl Norske Videnskabers Selskab

Av

ASBJØRN ØVERÅS

(Tale på Høytidsdagen 26de februar 1951)

Ein lyt mest rekna det som meir enn eit treff at samstundes som Henrik Wergeland og rektor Frederik Moltke Bugge, den gong preses i Det Kgl Norske Videnskabers Selskab, i 1840 tok opp spørsmålet om korleis samfunnet på beste måten kunne ta seg av og hjelpa fram fattige bygdegeni og drøynde vonfulle draumar om eit framtid-Noreg med sitt eige nasjonalmål, gjekk nett ein slik evnerik fattiggut, Ivar Aasen, oppe i ei Sunnmørsbygd og tumla med dei same problema, ja, var på si vis nådd på full høgde med desse to [1]. Han har fylgt levande med i målordskiftet fyrst i 1830-åra, har gledd seg serleg mykje over Wergelands innlegg «Om en norsk Sprogreformation» i 1835, og hadde sjølv alt i januar 1836 skrive si forvitnelege utgreiing «Om vort Skriftsprog», der han i røynda, berre 22 år gamal, legg fram heile målreisings-tanken sin [2]. Vi har fått vårt politiske sjølvstende, men «en Nations fornemste Kjendemerke» er språket. Det må vera norsk i Noreg som dansk i Danmark. «Det har alltid smerttet mig bittert», skriv den unge mannen, «naar jeg hørte vort Almuesprog krænkes og beleses, enten af velklædt Uvidenhed, eller af riktignok velmeent Renselses-Iver. Skal vi da, tænkte jeg, give slip paa denne kostelige Skat fra Fortiden, som vore Forfædre gennem alle sine Trængsler have troligen bevaret og overladt til os som en hellig Arv?» Hadde vi ikkje hatt hundreårs ufridom, «da skulde vort Hovedsprog ogsaa været Almuens.» Aasen vil ha eit språk som høver alle, «som enhver Landsmand uden Møie kan tage Deel i.» Og han har alt laga den planen som i hovudsaka går att i den han la fram for D. K. N. V. S. her i Trondheim sumaren 1842 [3]. Og frå 1836 går Aasen systematisk i gang med å gjera sjølvstendige bygdemålsgranskningar. At han byrja heime på Sunnmøre, seier seg sjølv. Då han sumaren 1841 drog til Bergen for å samrå seg med

og finna stønad hos menn som W. F. K. CHRISTIE (Eidsvollsmannen), biskop JACOB NEUMANN, rektor HANS HOLMBOE og overlærer LYDER SAGEN, alle elles framskotne medlemmer av selskapet vårt, hadde han med seg manuskript både til «Det søndmørske Almuesprogs grammatikalske Indretning» og til ei lita ordbok over Sunnmørsmålet [4]. Hovudhendinga vart likevel kontakten han fekk med preses i dette selskapet, rektor BUGGE, som merkeleg nok slumpa til å vera i Bergen dei same dagane på gjennomreis til Oslo. Av Aasens reiseskildring ser vi han lever i den største spaning i denne tida. Hans hug svingar sterkt mellom vonløyse og draumesyner om å gjera verkeleg storverk. Tankane på si eiga einsemd driv han ofte ut i tunglynde. Bygdemiljøet, endå det galdt gode kulturbygder som Ørsta og Volda, var, rimeleg nok, for fattig for eit slikt geni. Ingen skjønar hans uro og suter. «Mit Indvortes er endnu, som det altid har været, et stormende Hav, en vild og brusende og kogende Hvirvel af alleslags Tanker og Ønsker.» Hans sinn trår «i poetisk Tilbedelse» mot «det Ædle og Skjønne og Herlige i Verden; det føler sig mæktigen tiltrukket af det Ypperlige i Aandens og Forstandens Riige, — det drives af en inderlig Hunger og Tørst efter de aandelige Nydelser.» Han lengtar etter vener meir enn etter hjelparar, vil «have Selskab, men blot med Ligemænd.» Å tala om den smålatne Ivar Aasen er vanleg, men sjølvkjensla hans er ofte sterk og frisk. Han kjem ikkje til herrane i Bergen «som en Lykkesøger; men som En, der dog have udrettet Noget.» Resultatet av Bergensferda vart «en Mellemting» av det han hadde vona, trudde han på heimreisa. Framtida syntest honom helst «ligesaa mørk og uforklarlig som før», sluttar han dagboka si, «da nemlig Intet stemmer overens med min Tilbøielighet uden et eller andet selvstændig og stort Foretagende, og dertil kræves M i d l e r, som hverken nærværende eller rimeligvis tilkommende Omstændigheder kunde forskaffe.» Det tragiske for han ligg i kjensla av å ha uvanlege evner og føresetnader til å løysa ei stor vitsskapeleg og historisk-nasjonal oppgåve — og så stå lutfattig og hjelpelaus når det galdt å realisera henne. — Velvilje møtte Aasen i Bergen; Neumann bad han endåtil om å skriva ei lita livsskildring av seg til han. Og han lova òg å ta seg av manuskript hans. Men betre arbeidsvilkår for han var det lita von om, endå herrane var inne på spørsmålet om å hjelpa han på den vanlege studeringsvegen. «Jeg gysede», seier Aasen i dagboka si (2. aug. 1841), berre ved tanken. Det vil føra han frå folket i staden for til folket. Når ein alt hadde føresetnader til å gjera eit l i v s v e r k som Aasen, var det uklokt å la han byrja som skolegut! Aasen fortel i den biogra-

fien sin som han gav Neumann [5] m. a. korleis tanken tidleg (1836-37) hadde slege ned i han «selvstændigen og paa egen Haand undersøge og behandle et Sprog. Dette Sprog var nemlig det, som jeg egentlig kunde kalde mit Modersmaal, og som jeg ikke fandt behandlet i nogen Grammatik» — «Et saadant Arbeide», tænkte jeg, «kan kun udføres af En, der er født og opdragen i en Bondes Hytte. Jeg vil forsøge et saadant Arbeide.» Varsame ord, men dei vitnar både om plan, vilje og sjølvkjensle.

Det reine uhellet gjorde at Aasen og Bugge ikkje møttest i Bergen, men dei lærde herrane der har likevel alt no hatt kontakt med Bugge om Aasen, m. a. drøfte dei spørsmålet om å skaffa Aasen arbeid på eit bibliotek [6].

Men full fart kom det fyrst i sakene då Bugge, stutt tid etter han var komen attende til Oslo, der han heldt til i desse åra som medlem av den store Riksskolenemnda [7], fekk lesa Neumanns artikkel om Aasen i blada (Bergens Stiftst. og i Den Constitutionelle) [8]; Neumann gjev her att både Aasens sjølvskildring og fortalen hans til Sunnmørsgrammatikken, og han ber og Bugge hjelpa Aasen (eller «lektor Welhaven» — med tanke på «kun en ringe Betjentpost ved Universitetet»). Neumanns lovord er sterke: «Havde Rask været ilive, han vilde omfavnet ham som sin kjæreste Discipel og gjort ham til sin Amanuensis.» Neumann sluttar med «at beklage, at saa store Anlæg skal være tabte for Verden, eller ingen Stilling skal findes, hvori denne mærkelige unge Bonde skal kunne komme paa sin rette Hylde.»

Bugge var straks klår over at her måtte Vitskapsselskapet gripa inn. Alt dagen etter han hadde lese Neumanns artikkel, skriv han til bispem «idet jeg lovede, at ville gjøre hvad der stod i min Magt for at vinde denne Person for Skolen og Videnskaberne» [9]. Det galdt iser for Bugge å få tilsendt manuskripta til Aasen, som Neumann sende han med det same. «Her er de», skriv Neumann, «og De vil selv kunne dømme om, hvor megen Opmuntring han fortjener. Kunde De, enten som Præses i det norske Videnskabs-selskab eller paa anden Maade give denne haabefulde unge Mand Anledning til at faae sine sjelelige Kræfter og navnlig sit Sprogtalent nærmere udviklet, saa skaffede De maaske Fædrelandet en duelig Mand mere. Han være Dem nu anbefalet!» [10]. Og 25. nov. 1841 er så Bugge komen så langt at han sender sitt historiske skriv — det er ikkje noko mindre — til direksjonen for Vitskapsselskapet heime i Trondheim [11], dvs. hospitalpresten Fr. E. STORM (visepreses), fungerande rektor M. T. HOLTERMANN (sekretær) og klasseformennene stiftamtmann K. A. ARNTZEN og ingeniørkaptein, seinare generalmajor TH. CHR. BROCH [12].

Bugge byrjar med å nemna Neumanns omtale av Aasen i avisene og reknar med at direksjonen alt har lese om den merkelege unge bonden «Iver Aasen, hvis ganske øverordentlige videnskabelige, navnlig lingvistiske Talent og store Lærelyst Biskopen forment at burde komme tilhjulps paa en eller anden Maade.» Bugge fortel så om Aasens manuskript, som han no sjølv har studert: «Men hvor glad og forbauset blev jeg ikke ved i disse litterære Produkter at opdage de mest talende Beviser ei alene paa den rosværdigste Flid og den sjældneste Iagttagelsessevne, men ogsaa paa et lingvistisk Talent, en videnskabelig Orden og i det Hele taget en Fremstillingsmaade, der i Forening med dets Kjendskab til andre Sprog (Islandsk, Græsk o.s.v.) og til de berømmeligste grammatikalske Bearbejdelser (f. Ex. Rask), hvoraf Manuscripterne bære Præg, vækker grundet Haab om at Iver Aasen med Tiden maa vorde til megen Nytte for vort stakkels forsømte og forkvalede Modersmaals videre Behandling.» Bugge fortel vidare at han har drøft Aasen og språkarbeida hans med professoren i austerlandske mål, CHR. A. HOLMBOE, og professor i gamalnorsk, R. KEYSER, og dei er alle tre samde om «at det vilde være ufor-svarligt at taabe en så meget lovende Person af Sigte, og erklære sig med Glæde beredt til i Forening med mig at stræbe at faae den unge Mand trukket frem paa den Post, hvortil Naturen saa øiensynlig har kaldet ham, nemlig den sammenlignende Sprog-forskers.» Dei tre herrane har òg teke opp Aasens språkreisings-idé og forma han kanskje klårare enn Aasen sjølv; ingen skal seia at Vitskapsselskapet ikkje visste kva den fulle meininga var med hjelpa til Aasen: Det gjeld no snarast råd er, heiter det bl. a. «af det Almene eller saa at sige det Typiske i de forskjellige Dialecter at construere en systematisk Bearbejdelse af en Grammatik og en Ordbog, der kunde tjene til Basis for Indførelsen (naturligvis successiv) af et almindeligt og ægte norsk Skriftsprog». Bugge gjer nærare greie for drøftingane deira om plan og stønad; Aasen bør førebels faa 100 a 120 spd. årleg av VS. Bugge endar skrivet sitt med denne mektige sluttappellen til kollegaene sine i direksjonen: «Sandelig, neppe vil et værdigere kunne findes for Selskabets Opofrelser, da det, som den ærede Direction noksom bekjendt, allerede i længere Tid har været mange dygtige Videnskabsmænds ivrigste Ønske at faae vort Sprog lidt efterhaanden bragt ud af det forkvalede Vilrede, hvori det under Indflydelse af fremmede Potencer er geraadet, og tilbage igjen til dets oprindelige og langt fuldkomnere Beskaffenhed. Og at Iver Aasen er Manden, der fremfor nogen Anden kunde benyttes for dette store Formaal, derom vidner det, han hidtil har præsteret

uden anden Spore end den ham egne dybe videnskabelige Trang.» Same dagen (25/11-1841) skriv Bugge eit anna langt brev til biskop Neumann, like oppglødd for Aasens arbeid og Aasens geni [13]: «Udarbeidelsen af en almindelig ægte norsk Grammatik og Ordbog maatte kunne grundet og dermed vort forqvaklede Bogsprogs Reduction til dets oprindelige Fuldkommenhed og Renhed forbedres, — heri ere de nævnte dygtige Mænd (Holmboe og Keyser) aldeles enige med mig. Vi have alle tre med den største Interesse læst den søndmørske Grammatik, og vi have høilgen forundret os over, hvorledes denne Autodidact har kunnet opnaae en saadan Skarpsindighed i Adskillelser og Sammenligninger, og tilegnet sig et saadant Bekjendtskab med andre her henhørende Sprog og en saadan videnskabelig Orden og systematisk Form i Fremstillingen, som den hvoraf hiin grammatikalske Bearbejdelse bærer Præg. Vi have derfor ogsaa besluttet paa ingen Maade at slippe denne rara avis [sjeldne fugl] af Sigte, men gjøre Alt hvad der staar i vor Magt for at faa ham trukket hen paa den Bane, Naturen saa øiensynlig har bestemt ham for.» Og Neumann svarar lukkeleg: «Fædrelandet vil engang høste Frugterne af hans Talent og Deres Omsorg.» [14].

Bugges søknad og plan vart tydeleg svært godt motteken av direksjonen, men løyvingsspørsmålet kunne ikkje avgjerast før i samla kvartalsmøte i februar [15]. Bugge fekk melding om dette. Mest forvitneleg er eit meir privat meldingsbrev frå sekretæren Holtermann: «Midlerne ere for Haanden», og «Ivar Aasen» er «en fortreffelig Person». «Gud lade mangen saa lys Stjerne opgaae mod det kjære Fædreland» —. «Og Gud velsigne Dig, kjære Frederik Bugge!» sluttar han brevet [16]. Kvartalsmøtet løyvde 120 spd. året, for 2 år førebels, til Aasen [17], men om sumaren, då Bugge var komen heim og i presesstillinga att, vart løyvinga auka til 150 spd. alt for fyrste året. Denne skipnaden varde, etter nye vedtak, til 1847, då den årlege løyvinga til Aasen vart 200 spd. Til jamføring kan nemnast at den vanlege embetslønna for ein adjunkt ved Katedralskolen den gongen var 300-350 spd. Lærarlønene i bygdene var ofte berre ein tiendepart, ja, mindre, av denne stipendiatlønna Aasen fekk frå V.S. Det var altså ei sers romsleg hjelp, ei hjelp «som let upp grinden for noko av det største vit-skapsarbeidet som er gjort i Noreg, og for ei ny åndsmagt» [18]. Dei bøkene Aasen trong, lova og selskapet å skaffa han gratis. Jamvel porto- og postutlegga hans elles på granskarferdene betalte det. Og Aasen skjøna til fullnads all velviljen og si personlege heppe. No kunne hans inderlegaste draumar bli realiserte. Ei ny tid byrja for han. «No var det liksom han hogg seg laus frå

heile fyrrtidi si; han vilde helst ikkje minnst at han hadde vore lærar — sjølve ordet tykte han «maatte vække Had og Modvilje», seier H. KORN [19]. Ingen kan dra i tvil lenger at Vitskapselskapet på denne måten berga Aasens livsverk, og det ikkje berre reint økonomisk. Det skapte ein vene- og vernering om han av medlemene sine rundt heile landet, ja, ein må vel seia at han i røynda fekk både ei økonomisk og moralsk hjelp, og det større enn nokon annan nordmann, nett då han best trong henne. Landens fremste menn har han i ryggen i Oslo, i Bergen, her i Trondheim o. fl. stader. Vi har nemnt Christie, Neumann, Holmboe og Lyder Sagen i Bergen. I Oslo var det serleg professorane Keyser, Holmboe, P. A. Munch, Unger og riksarkivar Lange. Frå eit bygdelag som Sogn t. d. kan nemnast menn som kaptein Gerhard Munthe og prost Niels Dahl. Og her i Trondheim møtte Aasen, fortel han sjølv, mykje velvilje dei 22 månadene han var nordanfjells, forutan hos sjølve direksjonen hos lærarane på Katedralskolen, bl. dei den seinare biskopen ESSENDROP, og på Realskolen, der han fann gode vener m. a. i teologane OLAUS WULLUM, (ei tid visepreses), og A. HAUGE (son til H. N. Hauge). Andre medlemmer av selskapet vårt som har knytt sitt namn til «den Aasenske Sag», er bergmeister, seinare prof. SJUR SEXE, prost og tingmann CHR. PETERSEN, også ei tid Bugges visepreses, grosserar og stortingsmann J. NIK. JENSSEN, overlærer H. H. MÜLLER og biskop H. J. DARRE. Utanfor selskapet hadde han ein serleg god ven i folkeskolelæraren og komponisten M. A. UDBYE, som sikkert mang ein gong gledde den musikkinteresserte Aasen [20]. Udbyes musikk vert jamt spela på høgtidsdagane våre. Det skal i dag seiast til vårt selskaps ære at det synte ein offervilje og ein velvilje mot Aasen og hans gjerning som helst verkar sjarmerande på ein når ein les dei gamle forhandlingsprotokollane eller dei mange breva frå og til Aasen. Det finst knapt noko namn som ein møter så ofte som Ivar Aasen i arkivsakene til Vitskapselskapet i tida 1841-1851, dvs. til Aasen i 1851 vart statsstipendiat; støtt syner selskapet den same interesse og makelause omtanke og velvilje for han og arbeidet hans.

Frå sitt fyrste møte med preses, Bugge, i Trondheim i 1842, då dei nærare la planane for Aasens reiser og arbeid, har Aasen fortalt i dagboka si m. a.: «Hvor behageligt overraskedes jeg ikke, da denne Mand kom mig imøde som den blideste og elskværdigste, man nogensinde kunde tale med, og behandlede mig, ikke som en ubekjendt Fremmed, men som en fortrolig Ven», nett slik Aasen på Bergensreisa si skriv i dagboka si at han ynskte det. Og like oppglødd vart Aasen då han treffe den nye skrivaren, diktaren

og byrettsdomaren C. N. SCHWACH. I brev til Bugge etter heimkoma i august, skriv han då òg om «den Lykke» han nyleg hadde hatt med å få «tale med Deres Velbaarenhed angaaende det Foretagende som Det Kgl. N. V. S. har overdraget mig.» Og endå sterkare kjem gleda hans fram i dagboka: «Jeg har havt den Lykke ... at nyde den Ære, som jeg vel i mine Drømme kunde have forestillet, men dog ikke ventet.» [21]. Dette er sjølve grunnkjensla hos Aasen alltid i desse tiåra han er selskapet sin stipendiat og vitskaplege tenestemann. Aasens reiseår 1842-45 og dei faste meldingane hans til selskapet, som gav han sers frie hender i sitt arbeid, noko Aasen sette veldig pris på, er det inga tid til å drøfta her no [22]. Vi vil berre streka under at direksjonen fylgde levande med og gledde seg med Aasen i hans oppdagingar og språklege landevinning. To ting verka serleg sterkt: For det fyrste sjølve rikdomen i målføra. Berre i Sunnmørsmålet fann han «omtrent tyve Benævnelser» på ordet «s y g e l i g t», og «de Ord, som betegne u a n s e e l i g, beløbe sig blot i det Tellemarkiske til et endnu større Antal.» [23]. Å få alle slike ord med i ei ordbok finn han såleis umogleg. For det andre: Folk hadde alltid heft seg med u l i k s k a p e n i målføra. Aasen skriv undersam om l i k s k a p e n. Det er lite som skil mot det som einar og samlar. Dei har «en mærkværdig indbyrdes Forbindelse». «Overalt tjener den ene Dialekt til at oplyse den anden; den fuldkomneste Form findes snart i Agershus, snart i Bergens, snart i Kristiansands Stift». Når han ikkje nemner Trøndelag og Nordland her, er det av di at han enno ikkje hadde reist i desse landslutene. Elles liker han best målføra på båe sider av Langfjella.

Etter tre års ustanselig reiseliv kom Aasen endeleg til Trondheim i nov. 1845, og han vart no buande her eit halvt år, hos OLE SOMMER i Bersvendsveita. Her var både dei menn og bøker og det miljø han trong, no han etter oppmoding av preses og selskapet elles skulle gjera ferdig sitt fyrste arbeid til prenting i selskapet sine skrifter — nærast til førebels propaganda og orientering: «Om en Ordbog over det norske Almuesprog samt en dertil hørende Grammatik». Her kallar Aasen seg for fyrste gong IVAR AASEN — eller rettare: Her vert Aasen for fyrste gong, av Bugge og VS, offisielt namnesett med Ivar. Han sjølv nyttar i mange år frametter anten Iver eller I. Aasen i breva sine — selskapet derimot aldri anna enn Ivar heretter, også i breva til han. Det synest stundom som det har vore norskare enn han sjølv. Det er mest løye å lesa i ei skrift frå Bugge til Aasen (i Aasenboksamlinga i Ørsta) frå 1847 denne dediaksjonen: «Hr. Ivar Aasen (ivrig og fast!) venskabeligt fra Forf.» [24]. Bugge må ha skjøna

at Aasen ikkje alltid var så høg i hatten og trong difor ei viss oppkvessing eller ein moralsk stønad òg. Det er elles ikkje berre Bugge som preses i D. K. N. V. S. som gjer dette, det er sjølve Trondheims ordførar. — Bugge var i alle desse «Aasen-åra» medlem av Trondheim formannskap og ordførar i 4 av dei.

Og i samband med denne fyrste prenta avhandlinga frå Aasens hand skriv Bugge ein lengre art. i sjølve Morgenbladet i Oslo om Aasen og det arbeidet selskapet «i Overbeviisningen om Sagens overordentlige og mangesidige Vigtighed» har fått han til å gjera. Det var mykje naturleg å skriva dette for Bugge, som alt i 1842 nemner «den Iver Aasenske Sag» som «en af de interessanteste og hæderligste Selskabet har arbeidet for.» [25]. Bugge seier vidare at Ivar Aasen er «en dertil af Naturen og Studium fortrinlig udrustet Mand», og Vitskapsselskapet «greb med Glæde den Anledning som her frembød sig», og det er Bugges «inderligste Ønske» at mange vil lesa avhandlinga. Bugge endar Morgenbl.artikkelen med: «Neppe oplever vel nogen af vor Generation den Dag, da et nyt (eller rettere gammelt) og kraftfuldt Sprog i Tale og Skrift har fortrængt det nærværende. Men er først samtlige vigtige Almuedialekter opbevarede, samt lexikalsk og grammatisk bearbejdede, da er allerede det Vigtigste gjort.» Han vonar på og spør om at målføra skal skapa ei norsk språkfornyng, «indtil et Heelt fremkommer, der lidt efter lidt har fortrængt det jammerlige Konglomerat af Kaudervælsk, som vi for Tiden benytter os af. — Maatte den Klang af «god gammel Malm», som selve Navnet «Iver Aasen» synes mig at indeholde, være et godt Omen for denne Sags Fremgang.» [26]. Og i same skriftet V.S. prentar Aasens utgreiing, skriv SCHWACH m. a.: «Det er at haabe, at hans Arbejder engang vil blive den Kilde, hvorfra kommende Slægter vil hente mangt et Ord, som ellers Tidens Strøm skulde have bortskyllet, og gjenindsætte det i sine gamle Rettigheder til Gjenfødelse af Norges Selvstændighed ogsaa i lingvistisk Henseende.» [27]. — Sumt i artiklane til Bugge og Schwach smakar visseleg noko av tida sin romantikk, men elles er synsmåtene til båe både nøkterne og språkleg realpolitiske nok. Dei dreg opp linene både for sjølve Aasens målreising og for oppnoringa av skriftmålet; båe er dei klare over at ein slik målframvokster tek tid. At Aasen har kjent stor takksemd mot Bugge og Schwach for dei gode orda, seier seg sjølv, og det biletet som Aasen hadde i si eige av Bugge, det som no heng i Aasenstova i Ørsta, har han vel helst fått i denne Trondheimstida frå hausten 1845 til hausten 1847, ei tid som berre er avbroten med ei halvårs ferd rundt i Trøndelagsfylka, på Nordmøre og Helgeland. Det har visseleg

vore lagt altfor lite vekt på desse 22 månadene Aasen heldt seg i Trondheim og bygdene i kring og det stimulerande miljøet han her levde i. I Trondheim gjorde han manuskriptet til grammatikken sin ferdig, og her byrja han jamvel på ordboka før han hausten 1847 drog til Oslo av omsyn til prentinga av desse hovudverka sine. Men selskapet vårt gav framleies, til baa verka (i 1848 og 1850) var ferdige, like ivrig og like hjelpsam Aasen sin stønad, kosta prentinga av bøkene og let Aasen jamvel nytta all innkome av grammatikken, som snøgt vart seld unna. Brevskiftet mellom selskapet og Aasen i denne tida provar best heile dette elskelege hopehavet. Det høgste uttrykk for hyllinga av Aasen frå Vitskapselskapet si side er likevel kanskje årsfesten i selskapet 4. juli 1849, då visepreses, *OLAUS WULLUM*, i dagsens tale både med egne og *P. A. MUNCHS* lovord, fører Aasens arbeid (berre grammatikken enno prenta) inn i ein brei og viktig historisk samanheng. Det var ei stolt forsamling som sat her i denne same festsalen vi nyttar i dag òg, alle dei beste menn byen hadde. Og dei sola seg rett velnøgde i *Munchs* ord — hermt av *Wullum* — at Aasens grammatikk «ikke alene er en Prydelse for vor Literatur, men et Nationalværk, af hvilket det hele Folk kan være stolt.» [28]. Talen syner at dei språkleg-nasjonale interessene i Trondheim er imponerande. Ein større flokk unge menneske les såleis gamalnorsk; dette målet «elske nordmændene med en aldeles mærkværdig Kjærlighed». Og på titelsida til ordboka heiter det, etter ynske frå V.S. og sjølvsagt godkjent av Aasen: «Udgivet efter det Kgl. Norske Videnskabs-Selskabs Foranstaltning og paa dets Bekostning.» Det skulle slåast fast at V.S. hadde sin fulle del i verket, av ære og kostnad [29].

Aasen sjølv er glad og lukkeleg som ein ung elsker i denne tida, endå han tykkjer nok både *Munch* og andre smør litt tjukt på med lovorda sine. Sjølvle direksjonen uttrykte seg m. a. slik i 3-årsmeldinga si til Kyrkjedepartementet i 1847 — V.S. hadde nemleg noko statstilskot: Aasens verk «vil blive af høi og permanent Interesse i Nordens Literatur og — saavidt Selskabet har fremkaldt og fremelsket det — et af de bedste og varigste Monumenter over dets Virksomhed.» [30]. Vi merkar oss serleg det uvanlege ordlaget V.S. nyttar her — at det har «fremelsket» Aasens verk. Vakrare kunne vel ikkje dette hopehavet mellom den unge rara avis *Ivar Aasen* og vårt gamle ærverdige selskap ordleggjast. Nemnast bør det òg korleis *Bugge* kjende det, då han, etter baa verka var fullførde, i 1851 søkte avskil som rektor: «Sluttelig vover jeg underdanigst at henlede Deres Kong. Majestæts Opmærksomhed» på det han som preses i V.S. har gjort for «det

Norske Folkesprog, som det nævnte Selskab ved Understøttelse af Bonden Ivar Aasen har fremkaldt.» [31]. *Bugge* seier ikkje ordet om alle dei andre store tiltaka V.S. bar fram i hans tid. Så stor er «den Aasenske Sag» for han til siste slutt. Og dei andre medlemene som tok over styringa i selskapet då *Bugge* sa frå seg presesstillinga i 1850: biskop *Darre*, prost *Petersen*, grosserar *Nic. Jenssen*, Katedralskole-overlærarane *Berg* og *Müller*, dei stod ikkje mindre positive til Aasen, det syner kanskje best det brevskiftet som kom i gang med Kyrkjedepartementet — den fungerande sjefen var då *JØRGEN HERMANN VOGT*, — då det baud seg til å gjera Aasen til statsstipendiat frå 1. jan. 1851, noko som selskapet var sers takksamt for og som vart godkjent samrøystes av Stortinget dette året [32]. Så varmt hadde V.S. tala Aasens sak, at sjølvle departementet no såg seg forplikta til å ta initiativet til å gje Aasen den årlege hjelp, 300 spd., som trongst til å føra det verket vidare, som selskapet i 9 år hadde bore fram med slik kjærleik. Men V.S. slepte ikkje Aasen før den tidlegare protesjéen vart gjord til likemann, dvs. då dei i 1852 valde han inn som medlem.

V.S. fortener sjølvsagt stor ære for si generøse hjelp — økonomisk og moralsk — til Aasen. Men det er òg ein nåde for den som får lukke til å hjelpa eit slikt geni og fremja ei så stor oppgåve. Og det bør ikkje gløymast i denne samanhengen, at Aasen òg var ein stor *d i k t a r* som greidde syna kva målet hans dugde til. Det song seg å seia inn i dei tusen norske heimar, og sette meir enn nokon i selskapet hadde drøymt om, indre makt i den språkreisinga som byrja med noko så strengt og turt vitskapleg for folk flest som ein grammatikk og ei ordbok. Eit meir fint og ideelt samarbeid enn det vi møter mellom Aasen og V.S. i alle år, skal ein vanskeleg finna, — endå det galdt ei sak som etter kvart har valda meir strid i dette landet og fått større fylgjer enn noka einskildsak boren fram på vitskapleg veg. Soga om Aasen-Vitskapselskapet er som eit lite eventyr, *Oskeladden* peikar ut seg sjølv. Men kva hadde likevel dette eventyret vorte utan selskapet vårt? Det var verkeleg eit lukkeleg hende som i 1841 førde Aasen frå Bergen til *Bugge* og vårt tradisjonsrike selskap.

Samstundes som vi på denne høgtidsdagen ærer den geniale vitskapsmannen *Ivar Aasen*, vår tenestemann gjennom 9 år og deretter medlem i 44 år i selskapet vårt, heidrar vi òg det vidsyn og gjævlynde som direksjonen og medlemmer elles i alle høve og på alle måtar synte når det galdt Aasen og livsverket hans.

MERKNADER OG TILVISINGAR:

Forutan dei vanlege norske litteraturhistoriske verka og skriv og protokollar i biblioteket til D. K. N. V. S., Aasensbrev på Universitetsbiblioteket og dessutan ymse aviser frå Aasens samtid (i Trondheim, Oslo, Bergen) har eg iser nytta desse prenta bøkene og skriftene (dei avstyttta formene i parentesane vert brukte nedanfor i tilvisingane):

IVAR AASEN: Skrifter i Samling, I-II, Gyldendal, 1911-12. (I. Aasen: Skr. i Saml.)

IVAR AASEN: Reise-Erindringer og Reise-Indberetninger 1842-1847, utgjevne av D. K. N. V. S. ved Halvdan Koht, 1917. (I. Aasen: Reiseerindringer).

IVAR AASEN: Brev til vener i heimbygda, utgjevne av M. A. E. Aarflot 1950. (I. Aasen: Brev til vener i heimbygda).

Lista over Ivar Aasen-boksamlinga, ved Kaare Haukaas, 1946. (I. Aasen-boksamlinga).

Ivar Aasen. Granskaren, Målreisaren, Diktaren. Ei minneskrift om Livsverket hans 1813-1913, ved Arne Garborg, Anders Hovden og Halvdan Koht, 1913. Jfr. Syn og Segn, Aasensheftet, 1913. (Minneskrifta).

JOHANNES BELSHEIM: Ivar Aasen.

ASBJØRN ØVERÅS: Frederik Moltke Bugge. Kulturarbeid og kulturstrid i 1830-40-åra, I-II. Aschehoug 1949-50. (A. Øverås: Bugge, I (eller) II).

ASBJØRN ØVERÅS: Ivar Aasen og Frederik Moltke Bugge — Det Kgl. Norske Videnskabers Selskab. Ei minneskrift. Aschehoug 1950. (A. Øverås: Aasen-Bugge-D. K. N. V. S.)

- [1] I. AASEN: Skr. i Saml., II, s. 86. A. ØVERÅS: Bugge, II, s. 275 fg. Jfr. s. 294 fg.
- [2] I. AASEN: Skr. i Saml., I, s. 6 fg., III, s. 7-11. Minneskrifta (H. KOHT), s. 43-45. Jfr. BELSHEIM: I. Aasen, s. 8-9 og PAASCHE: N. Litthist., III, s. 544.
- [3] A. ØVERÅS: Bugge, II, s. 313 fg., 315 fg. og same forf.: Aasen-Bugge-D. K. N. V. S., s. 27 fg. s. 29 fg. Jfr. Syn og Segn, 1902, s. 464-70. Originalskrivet frå Aasen til D. K. N. V. S. er dagsett 23. juli 1842, og Bugges «plan» for Aasens arbeid i skriv til Aasen er dagsett 26. aug. 1842. Sjø folio 544, biblioteket til D. K. N. V. S.
- [4] I. AASEN: Skr. i Saml., Dagbøker og Reiseminne, II, s. 75 fg. A. ØVERÅS: Bugge, II, s. 293.
- [5] I. AASEN: Skr. i Saml., I, s. 7; II, s. 82-110 (Bergensdagboka).
- [6] I. AASEN: Skr. i Saml., II, s. 93. A. ØVERÅS: Bugge, II, s. 296 fg. og same forf.: Aasen-Bugge-D. K. N. V. S., s. 10.

- [7] A. ØVERÅS: Bugge, II, s. 7-130, serleg s. 52, jfr. s. 137.
- [8] Bergens Stiftst. 19. og 22. aug. 1841 (nr. 67-68), oppteke i Den Constitutionelle 9. sept. (nr. 252) same året.
- [9] Brev frå Bugge til Neumann 10. sept. 1841, Neumanns svar til B. dagsett 5. okt. 1841. Jfr. Bugges brev til D. K. N. V. S. 25. nov. 1841. Sjø om alt dette A. ØVERÅS: Bugge, II, s. 297 fg.
- [10] A. ØVERÅS: Bugge, II, s. 298 fg.
- [11] Originalbrevet frå Bugge til direksjonen for D. K. N. V. S. er i D. K. N. V. S., biblioteket, folio 544. Det er prenta i Syn og Segn i 1901, s. 338 fg. (ved Koht) og i Bugge, II, s. 298 fg. og i Aasen-Bugge-D. K. N. V. S., s. 12 fg.
- [12] Direksjonens deliberasjonsprotokoll s. 384, D. K. N. V. S., biblioteket; Kopibok 1842, s. 24.
- [13] Bugges originalbrev til Neumann i Bergens statsarkiv, brev og dokument 1841, pk. 98. Det er prenta 1930 av Høverstad i Norsk Skulesoga, II, s. 447 fg.
- [14] J. Neumann til Bugge 8. desember 1941. Hist. Saml., II, s. 217.
- [15] Brev til Bugge, d. 6. desember 1841. Kopibok D. K. N. V. S., 1840-72, s. 22.
- [16] Orig.brevet, d. 2. des. 1841, frå Holtermann til Bugge. D. K. N. V. S., biblioteket, folio 544. Holtermann har misskrive seg, 1842 for 1841.
- [17] Deliberasjonsprotokollen for direksjonen i D. K. N. V. S., s. 384, Kopibok 1842, s. 24. Meldinga er journalisert som send av Holtermann til «Skolelærer Iver Aasen» 2. mars 1842. Jfr. Forhandlingsprotokoll, 1842, s. 1, sak 4. Av ein eller annan grunn har denne meldinga ikkje vorte send, eller har ikkje kome fram. Aasen får ho fyrst av Bugge på vitjinga si i Trondheim sumaren 1842. Jfr. vidare A. ØVERÅS: Bugge, II, s. 303.
- [18] Koht i Minneskrifta, s. 72.
- [19] Koht i Minneskrifta, s. 73.
- [20] I. AASEN: Brev til vener i heimbygda, fl. st., m. a. s. 25 fg., 39 fg., 71, 82, 84. Jfr. same forf.: Reiseerindringer s. 12, 25, 29, 33 fg., 67 (O. G. Ueland), 83 (Faye), 102 (i Oslo). Aasensbrev på Universitetsbiblioteket, m. a. brev til M. Aarflot 6. jan. 1846. Jfr. Bugge, II, s. 329.
- [21] I. AASEN: Skr. i Saml., II, 111-133, dvs. Aasens dagbok på reisa hans til Trondheim juli 1842, sjå serleg 118 fg., 120 fg. og 132. Jfr. Bugge, II, s. 308 fg. og Aasen-Bugge-D. K. N. V. S., s. 22-26.
- [22] I. Aasen kjem fleire gonger inn på dette både i breva sine og i reise-skildringane og dagbøkene. Jfr. Bugge, II, s. 312-17 og fl. a. st., serleg s. 351. Brev frå Aasen 30. juli 1850 til D. K. N. V. S. Folio 544.
- [23] D. K. N. V. S.s skr., 4b., h. 1, 1846: «Om en Ordbog over det norske Almuesprog samt en dertil hørende Grammatik». Jfr. Bugge, II, s. 329-31.
- [24] FR. M. BUGGE: Træk af Tragœdiens ældste Historie og det græske Theatervæsen. Prenta i Indbydelsesskrift til Den offentlige Examen i Trondhjem lærde Skole, 1847. Lista over Ivar Aasen-boksamlinga, s. 39.
- [25] Delib.protokoll for direksjonen, D. K. N. V. S., 27. okt. 1842, s. 400.
- [26] Morgenbladet nr. 145. Stykket d. Trondheim 18. mai 1846, 3 dagar før Aasen drog ut på si nye ferd, til Nordmøre, Trøndelagsfylka og Helgeland.
- [27] D. K. N. V. S.s skrifter, 4b., h. 1, 1846.
- [28] Den Frimodige, nr. 60 1849 refererer O. Wullums tale. Sjø elles P. A. Munch i Norsk Tidsskrift, II, 1848, s. 282-86 (om grammatikken) og same tidsskr. IV, 1850, s. 335-46 (om ordboka). Jfr. T. Knudsen: P. A.

- Munch og samtidens norske sprogstrev, s. 76; vidare A. Øverås: Bugge, II, s. 343 fg, 352 fg. + Aasen-Bugge-D. K. N. V. S., s. 57 fg. og 66 fg.
- [29] D. K. N. V. S., biblioteket, folio 544, brev d. 6. februar; Kopibok D. K. N. V. S. brev d. 15. mars. Nye brev 5. juni 1849 frå Direksjonen til Aasen og 14. juni 1849 frå Aasen til Dir., folio 544.
- [30] Kopibok, D. K. N. V. S., 1847, s. 118-121.
- [31] Rektors kopibok, nr. 10, 18. mars 1851. Statsarkivet i Trondheim. Jfr. Stiftsdireksjonen, Kopibok 1851, s. 78, også i Statsarkivet. Vidare: Bugge, II, s. 456.
- [32] D. K. N. V. S., biblioteket, folio 544. Jnr. 48, 1850, skrivet dagsett 19. april 1850: sjå vidare Kopibok 1850, iser s. 169-70. Den kgl. resol. om førebels statsløn til Aasen, er d. 28. aug. 1850. Bugge, II, s. 354-59. Det samrøystes Stortingsvedtaket om 300 spd. årleg til Aasen vart gjort 21. juli 1851.